



Arkivnr: 2015/10383-1  
Saksbehandlar: Inge Døskeland

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		29.10.2015

### Blått kompetansesenter sør

#### Samandrag

Saka gjeld etablering av eit «blått kompetansesenter» i Hordaland. Eit slikt senter er eit bygg, og annan fysisk infrastruktur, i tilknytning til ein vidaregåande skule. Bygget skal kunne nyttast av marine- og maritime verksemder i samarbeid med skule og andre kunnskapsmiljø som eit nav i ein sterk næringsklynge. Døme er verksemder innan akvakultur, fiskeri, fornybar energi og transport som alle er viktige for å oppretthalde økonomisk utvikling, arbeidsplassar og busetting.

Målet med eit blått kompetansesenter er å byggje bru mellom vidaregåande opplæring, marine/maritime verksemder og kunnskapsmiljø på høgare nivå, slik at elevane vert sikra relevant utdanning og praksis, og at verksemdene vert sikra arbeidskraft med rett yrkesfagleg kompetanse.

Det er trong for betre avgjerdsgrunnlag i form av kartlegging av økonomiske og lokaliseringmessige konsekvensar ved ei slik etablering. Vidare må det opprettast meir forpliktande intensjonsavtaler med næringsliv og andre potensielle brukarar av eit blått kompetansesenter.

#### Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til å vurdere eigna område og vidaregåande skular i Hordaland som kan vere aktuelle for samlokalisering ved etablering av eit blått kompetansesenter
2. Hordaland fylkeskommune er positiv til kartlegging av mogleg finansiering av blått kompetansesenter ved hjelp av utleige av skulekonsesjonar for akvakultur og fiskeri
3. Hordaland fylkeskommune ynskjer å vurdere tomtetilhøva ved Austevoll vidaregåande skule med tanke på eventuell frigjeving av fylkeskommunalt areal til eit slikt senter
4. Fylkesadministrasjonen ved opplæringsavdelinga og regionalavdelinga legg til rette for desse kartleggingane, samt vurdering av aktuelle næringsaktørar og deira vilje og vilkår for investering i eit slikt senter. Fylkesutvalet legg til grunn at eksterne kostnader for ei slik utredning vert dekt av dei regionale utviklingsmidlane (HNH budsjettet – FUV).

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 12.10.2015

Ny berekraftig verdiskaping er særleg relevant i ein omstillingsfase i samband med reduksjon i dei tradisjonelle energinæringane. Fleire av havnæringane er framleis unge og derfor lite utvikla. Havbruk har til dømes berre vore i sterk vekst i ein 20 års periode. Det er trong for utvikling av endå meir berekraftige løysingar. Spesialisering av ulike driftsoppgåver krev meir kompetent arbeidskraft. Det er difor ekstra viktig at skulane kan følgje opp med relevant og framtidsretta undervisning tett tilpassa næringane sine nye behov for omstilling.

I Sør – Trøndelag fylke har fylkeskommunen stått i spissen for etablering av blått kompetansesenter på Frøya vest for Trondheim. Senteret er etablert utan bruk av fylkeskommunale midlar og skal opnast i april 2016. Etableringa har skjedd parallelt med bygging av ny vidaregåande skule, kulturhus, kjøp av nytt skulefartøy med meir. Det er ynskjeleg å sjå på om dei gode løysingane knytt til dette initiativet også kan nyttast i Hordaland.

Eit blått kompetansesenter er tenkt etablert som eit bygg i tilknytning til ein vidaregåande skule, og skal primert nyttast av marine og maritime verksemder, offentlege organ som kunnskapsinstitusjonar (til dømes UiB, UNI, HI, NIVA) og skular (til dømes maritim fagskule). Eit slikt senter vil vere ein ressurs ut over fylket som vil tiltrekke interesse frå heile Sør-Norge. Hordaland har fortrinn for ei slik etablering ved at vi har Noregs største kunnskapsmiljø, forvaltning og næringsklyngje med globalt leiande sjømatprodusentar (NCE Seafood Innovation Cluster).

Moglege vinster ved etablering av eit blått kompetansesenter kan vere;

- meir praksisnær og relevant utdanning
- tettare kopling mellom forskning og vidaregåande opplæring
- rekruttering av høgkompetent arbeidskraft til næringane
- ivaretaking av etablerarar og innovatørar
- næringsretta forskning og kursfasilitetar for næringslivet (t.d. simulatoretrening og etterutdanning)
- eit tydeleg senter med «gravitasjonskraft» for innflytting av dyktige elever, verksemder og kunnskapsmiljø til regionen

Etablering av eit blått kompetansesenter kan medverke til at vidaregåande opplæring i større grad bidreg til innovasjon og næringsutvikling, det vere seg å modernisere den tradisjonelle fiskeindustrien, utvikle ei bærekraftig oppdrettsnæring, eller legge til rette for heilt nye næringar basert på ressursar frå havet. Vidare vil senteret være eigna for kurs og etterutdanning.

### Lokalisering

Hordaland fylkeskommune har gjennom Handlingsplan for næringsutvikling (HNN), løyvd kr. 200.000 til eit forstudie knytt til vidaregåande skule på Austevoll (sluttrapport vedlegg).

Austevoll har fleire gode føresetnader for etablering av eit blått kompetansesenter.

- Modernisert vidaregåande skule med marin og maritim spesialisering
- Eigna (fylkeskommunal) tomt mellom skulen og Havforskningsinstituttet sin feltstasjon
- Samarbeid med maritim fagskule i Bergen som har trong for meir kapasitet
- Komplett næringsliv i heile verdikjeda innan akvakultur, fiskeri og maritim sektor
- Kommunal vilje til etablering
- Intensjonsavtaler for samarbeid med ei rekkje kunnskapsmiljø

Rapporten kalkulerer omtrentlege kostnader for bygging av eit blått kompetansesenter med inventar til 200 mill. kr.. Vidare at det trengs omlag 50 mill. kr. til bygging av djupvasskai og veg/tunell.

Forstudiet i Austevoll viser at det på dåverande tidspunkt ikkje var konkret vilje frå næringslivet til å finansiere eit blått kompetansesenter. Det vart mellom anna vist til usikkerheit om fylkeskommunen ynskjer å avstå tomt, og om avklaring av skattemessige tilhøve ved ei slik investering<sup>1</sup>. Vidare har Austevoll kommunikasjonsulempe ved å ikkje vere landfast. Det har og over tid vist seg vanskelig å rekruttere tilstrekkeleg elevar til vidaregåande- og fagskuleopplæring innan akvakultur på Austevoll. Det er difor ynskjeleg med ei total vurdering av lokaliseringsspørsmålet for heile fylket.

### **Finansiering**

Ein plan for finansiering og drift må vere basert på eit offentleg/privat samarbeid. Forstudiet i Austevoll peiker i hovudsak på offentleg (kommune, fylke og stat) finansiering av sjølve kompetansesenteret, men opnar for privat finansiering av kai og overnattingstilbod. I Sør – Trøndelag er heile kompetansesenteret privat finansiert.

Vidare har fylkeskommunen i Sør – Trøndelag hand om inntekter knytt til drift av skule/opplæringskonsesjon for lakseoppdrett. Etter nye regler har ein slik konsesjon like stort produksjonspotensiale (780 tonn biomasse, MTB) som ein kommersiell konsesjon. Etter opplysing frå skulen er fylket sikra minimum 2 mill. kr. i årleg leigeinntekt frå konsesjonen. I tillegg får fylkeskommunen eventuelt driftoverskot, som siste år har vore på omlag 12 mill. kr.. Inntektene frå utleige av konsesjonen er øyremerka fylkeskommunen si marine vidaregåande opplæring, og utgjer soleis vesentlege bidrag til opplæringsinfrastruktur og marint fagtilbod.

Hordaland fylkeskommune er i ferd med å framforhandle ein liknande avtale. Det er viktig å avklare om eventuelle inntekter frå denne kan vere eit fylkeskommunalt bidrag til etablering av eit blått kompetansesenter i Hordaland. I tilfelle vidare vurdering av Austevoll som lokalitet vil verdien av fylkeskommunalt tomt og kunne vere utløysande for privat medfinansiering. Vidare kan fylkeskommunen arbeide politisk og administrativt for statleg medfinansiering.

### **Konklusjon**

Etablering av eit blått kompetansesenter er eit ledd i å løyse fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag ved eit meire direkte samarbeid mellom vidaregåande skule, fylkeskommunen som regional utviklar og næringsliv. Senteret vil styrke dei blå vekstnæringane og fylkeskommunen si rolle som regional næringsutviklar. Eit blått kompetansesenter vil oppnå større fagleg fellesskap og gjere regionen meir attraktiv ved hjelp av aktivitet knytt til ein vidaregåande skule. Vidare kan etablering av eit slikt praksisnært kopleingspunkt mellom skule og næring bidra til fleire lærlingplassar og at fleire vert motiverte til å fullføre utdanninga. For å kome eitt steg vidare må spørsmål knytt til lokalisering, kostnad og finansiering av senteret avklarast meir detaljert.

---

<sup>1</sup> Viser til sak avgjort i Høgsterett september 2015 der eit lakseselskap på Frøya fekk medhald i skattefrådrag på 14 mill kr. frå ei gåve til skulen på 50 mill. kr.